



Villanger & Sønner AS  
Kvassnesvegen 45  
5914 ISDALSTØ

Saksnr	Sakstype	Vedtaksdato
312/04	Delegert sak handsama av avdelingssjefen	29.07.04

## Igangsetjingsløyve - fasadeendring og brannvegg Aage Vigleik Nyhammer - gnr.137 bnr.259 - Alver

### Dokument :

Søknad om igangsetjingsløyve, motteken 04.06.2004.

- søknader om ansvarsrett
- plan for handtering av avfall
- plan for brannsikring mot gnr. 137 bnr.33 (Garveriet)

Rammeløyve handsama 08.11.01 i delegert sak 299/01

Merknad frå Ole Tom Ones, datert 17.06.2004

### Saksutgreiing :

Søknaden gjeld igangsetjingsløyve for fasadeendring og brannvegg.

Søknad om rammeløyve vart handsama 08.11.01 i delegert sak 299/01. Vedtaket lyder:

*"Med heimel i plan- og bygningslova §§ 87 og 95a vert det gjeve rammeløyve for rehabilitering og fasadeendring på følgjande vilkår:*

1. Bygging av altanar er ikkje med i godkjenninga. (seinare presisert at det gjeld utvendige altanar)
2. Saman med søknad om igangsetjingsløyve skal det leggjast fram
  - søknad om ansvarsrett og kontrollplanar for prosjektering og utføring
  - plan for handtering av avfall
  - plan for brannsikring mot gnr. 137 bnr.33 (Garveriet)"

**Ole Tom Ones** har komme med merknad til søknaden om igangsetjingsløyve:

"Jeg viser til søknad om igangsettingstillatelse fra ansvarlig søker Villanger & Sønner AS datert 1. juni 2004.

I henhold til vedtak fra bygningsmyndighetene i Lindås kommune skal det ved eventuelt søknad om igangsettingstillatelse også leveres en plan for arbeidet vedrørende etablering av brannsikring/brannvegg mot gnr 137 bnr 33 og bnr 476, Garveribyget.

Jeg ber kommunen om at den krever fremlagt plan for arbeidet med etablering av brannmuren og således brannsikringen mot Garveriet. Det må etter mitt skjønn i denne sammenheng foreligge dokumentasjon på hvordan muren skal bygges, hvilke materialer den skal bestå av, hvor tykk og hvor høy og hvor lang den skal være, samt hvor den skal plasseres på gnr 137 bnr 259. Videre må det foreligge en vurdering fra brannkyndige konsulenter om at etablering av brannmuren sikrer Garveriet i tilfelle brann i bygget på gnr 137 bnr 259. Uten slike opplysninger, samt en sakkyndig vurderingen hva gjelder brannsikringen, tilfredsstill ikke søker vedtaket truffet av Lindås kommune. Ansvarlig søker må også sørge for at brannmuren plasseres på gnr 137 bnr 259, og ikke inn på gnr 137 bnr 33 og bnr 476. Grensen mellom gnr 137 bnr 33 og gnr 137 bnr 259 går ca 20 cm vest for brannmuren på gnr 137 bnr 33.

Eier av gnr 137 bnr 259 har etablert betongskille mellom kjelleretasjen og 1. etasje i forbindelse med rehabiliteringen av bygget. Betongskillet går utover gnr 137 bnr 259's grenser og inn på gnr 137 bnr 33.

Dette har jeg tidligere påpekt overfor eier av gnr 137 bnr 259 uten at han tar hensyn til dette. Jeg ber kommunen se til at ansvarlig søker for rehabiliteringen ser til at betongskillet justeres slik at det er innenfor gnr 137 bnr 259's grenser.

Videre vil jeg informere at jeg ikke vil tillate at mine eiendommer gnr 137 bnr 28, 33 og 476 benyttes i forbindelse med rehabiliteringen. Den måten rehabiliteringen til nå har foregått på, både hva gjelder fremdrift og utførelse samt at det arbeid som allerede er utført på bygget krever igangsettløysve uten at dette er gitt av kommunen, er under enhver kritikk. Arbeidet på gnr 137 bnr 259 må således foretas fra egen eiendom.

Jeg ber om å bli holdt orientert om behandlingen av søknaden om igangsettløysve for arbeidet på gnr 137 bnr 259. "

#### **Kommentar:**

Firma som er sentralt godkjent for prosjektering og kontroll av prosjektering av bygning i tiltaksklasse 2, er kvalifisert for oppgåva. Prosjekterande har vist på teikning at det skal vera brannvegg som går ut til fasade og 0,5 meter over tak. Elles gjeld standardkrav til materialar, dimensjonering og utføring. Kommunen kan normalt ikkje krevja slike detaljar i søknaden.

Vi går ut frå at brannveggen vert plassert på eigen grunn, men kommunen har ingen innvendingar mot at veggen vert plassert tett inntil Garveriet sin brannvegg, dersom partane finn det mest praktisk og vert samde om det. Avdelingssjefen rår til at partane inngår avtale om tetting av opningen mellom bygningane ved tak og vegger.

Igangsettløysve gjev ikkje automatisk tiltakshavar frie hender til å utføra arbeid frå naboeigedom. Med heimel i plan- og bygningslova § 101 nr.2 , kan kommunen etter særskild søknad gje løyve til å nytta naboeigedom til utføring av bygge- og vedlikehaldsarbeid.

#### **Vurdering :**

Dei planar, ansvarssøknader og kontrollerklæringa som er motteken, er tilstrekkeleg til at arbeidet kan setjast i gang, dersom tiltakshavar får løyve til å nytta nabogrunn til transport av materialar og utføring av arbeid.

#### **Vedtak:**

Søknaden om igangsettløysve etter plan- og bygningslova § 93, jf. § 95a, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar.


Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

**VILLANGER & SØNNER AS** vert lokal godkjent som ansvarleg føretak for følgjande godkjenningsområde: SØK, UTF/KUT for tiltaket, tiltaksklasse 2.

**ARKITEKT VIDAR-RUNE SYNNEVÅG** (sentralt godkjent) vert godkjent som ansvarleg føretak for følgjande godkjenningsområde: PRO/KPR for tiltaket, tiltaksklasse 2.

*Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd).*

for avdelingssjefen



Knut Bjørnevoll  
sakshandsamar

Kopi til:

Aage Vagleik Nyhammer, 5914 ISDALSTØ  
Ole Tom Ones, 5914 ISDALSTØ